

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 24. søndag i treeiningstida – søndag 15. november 2020

Preiketekst: Joh 6,63-69

Lesetekst I: Salme 126,1-6

Lesetekst II: Fil 1,2-6

## Guds gjerning i deg

«Og eg er viss på at han som tok til med si gode gjerning i dykk, skal fullføra henne – heilt til Jesu Kristi dag». Framleis kling desse orda med i ei av bønene som vert bedt for konfirantar: «*All nådes Gud, vi bed deg for NN. Du som har byrja den gode gjerninga i han/henne, fullfør den, heilt til Jesu Kristi dag*». Underteikna har, heilt sidan konfirmasjonen for lenge sidan, hatt sans for denne formuleringa. Setninga frå Filipparbrevet, som møter oss i ein av dagens lesetekster, kan også vere ein nøkkel til preiketeksten på denne søndagen.

### Kvar kjem trua frå?

Store deler av kapittel 6 i Johannesevangeliet handlar om dette spørsmålet - om trua og kva som gir evig liv. Store spørsmål - for menneske som kanskje først og fremst har fatta interesse for ein person som dekkja deira grunnleggande behov for mat, menneske som har det synlege for auga og ikke det åndelege.

Før vår tekst finn vi Johannes sin omtale av nattverdens under: at Jesu offerdød vert til liv for dei mange. Synagogeundervisninga i Kapernaum fekk ein heilt ny dimensjon denne dagen. Var vi tilstades, kunne vi sikkert fått den same reaksjonen: «Kven trur du at du er, Jesus frå Nasaret?» Kjøt og blod - hardt og brutalt uttrykt, synes mange av læresveinane, kanskje både i den større flokken og innan kjernen, dei tolv. Enno ligg både død og oppstode i framtida, og føresetnadane for å gripe slike ord forutset i høgste grad tru, ja nokon vil seie naiv tillit. Alt står og fell med kven Jesus er. Tidlegare i kapitlet har Jesus bedt dei vente med å felle dom til dei ser at han vert teken opp til himmelen.

Eit kjent uttrykk før var «å ta anstøt», altså møte noko som er så vanskeleg å akseptere at det rokkar ved trua. Slik har det alltid vore, jfr. Paulus i 1. Korintarbrev: *For ordet om krossen er dårskap for dei som går fortapt, men for oss som blir frelste, er det Guds kraft.*

Det vert kjempa om mennesket. Far i himmelen dreg det mot Jesus: «Difor sa eg dykk at ingen kan koma til meg utan at det blir gjeve han av min Far.» Ein viktig peikepinn om kvar trua kjem frå, kven det er som har initiativet. Ingen søkjer Gud av seg sjølv. Der fins også ein motstandar, som sår tvilen. Ja, sjølv menneskenaturen står Gud imot, vil ikkje vere avhengig av nåde. Berre den som tek imot gåva, får nytte av den.

Jesu våpen i kampen er hans ord, som er ånd og liv. Som evig Gud er han Ordet (Joh 1), hans ord er skaparord. Likevel tvingar han ingen til å bli (verande) som læresvein. Han spør tvert imot om også dei tolv vil gå bort frå han.

### **Kven er Jesus?**

Eit viktig spørsmål å stille til alle evangelietekstar er dette: Kven er Jesus? Ulike sider blir fokusert på. Her møter vi ei guddommeleg side ved han: Når han avslører det han veit om deira tru og vantru, om truskap og svik, syner han seg som den Gud som gjennomskuar. Vi kjenner ikkje motiva til dei som slutta seg til Jesus, men frå den stunda dei let tvilen få overtaket, veit Jesus det.

Det kan vere skremmande, men samstundes trøystefullt: «Du visste alt om meg før du meg kalla», lyder det i ei songstrofe. Å gå til Jesus med tvil og freistingar er redninga.

### **Valget**

Johannes fortel om ein valgsituasjon som må vere tidlegare enn den synoptikarane gjengjev (Cæsarea Filippi). Men innhaldet i Peters vedkjenning er samanfallande i evangelie-fortellingane. Det som er ulikt, er framhaldet: Hos Matteus får Peter himmelrikets nøklar, oppdrag og embete. Hos Johannes held Jesus fram samtalen med å nemne svikaren, Judas.

I si vedkjenning legg Peter vekt på *vi* (i motsetning til dei mange), han uttalar seg på vegne av dei tolv som er att. *Vi* trur og veit, vi har *erkjent* kven du er, Jesus. Difor fins det ikkje noko alternativ for oss. Trua sitt svar er heilt konkret: VI BLIR!

### **Jesus er utvald**

til guddommeleg oppdrag. Guds heilage = Guds utvalde, ei vanleg nemning på Messias. For øvrig brukt éin gong i GT, om øvstepresten: Salme 106,18: *Dei vart misunnelege på Moses i leiren og på Aron, Herrens heilage.*

Det / den heilage er skild ut frå verda og innvia til Gud, lærer vi i katekisma. Det vert i NT brukt om både om englar og om menneske som var kalla til oppdrag: *...hans heilage apostlar og profetar* (Ef 3,5).

### **Å bli verande eller å gå bort**

er eit dagleg valg for ein kristen. Skal Gud kunne fullføre si gode gjerning i eit menneske, må det la seg eksponere for Guds ord. Alternativ fans ikkje for Peter. Guds gjerning er å gjere mennesket hjelpelaust avhengig av Jesus.

### **Annbjørg Eiksund Hesselberg**

Tidl. misjonssekr. Den Norske Israelsmisjon  
[annbjorg.hesselberg@gmail.no](mailto:annbjorg.hesselberg@gmail.no)